



Arkivnr: 2016/4130-36  
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Administrasjonsutvalet		13.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

## Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes

### Samandrag

Kunnskapsdepartementet (KD) inviterte fylkeskommunane i brev datert 20.06.2017 til å søkje midlar til tiltak retta mot ungdom som fell utanfor opplæring og arbeid, med søknadsfrist 01.10.2017.

Fylkesrådmannen har svart på invitasjonen frå KD med å søkje om eit årleg tilskot på 9 mill. kr i 4 år til å etablere eit heildøgnsstilbod på Hjeltnes i Hardanger med bakgrunn i prosjektskisse (vedlegg 1) som vart utarbeidd våren 2017. I desember 2017 vart fylkeskommunen tildelt kr 4,6 mill. (sjå vedlegg 2) gjennom revidert statsbudsjett, samstundes som KD oppmoda fylkeskommunen om å sende inn ny søknad for 2018. Fylkesrådmannen legg til grunn eit årleg statleg tilskot på 9 mill. kr. for å starte opp produksjonsskule på Hjeltnes.

Skuleåret 2017/2018 er det ei mellombels drift på Hjeltnes. Det har vore undervisningsaktivitet knytt til vaksenopplæring og fagskule, arborist. Gjennom året er det gjort ei opprydding med tanke på dei avtalane som har vore knytt til staden, og det er gjort ei vurdering med tanke på dei areala som ikkje er tenkt inn i ein produksjonsskule-aktivitet. Fagskulen i Hordaland har òg gjort ei vurdering med tanke på å auke sin aktivitet med Hjeltnes som undervisningsstad for nokre av deltidstilboda sine, med den føresetnad at det vert vidare fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes.

Fylkesrådmannen vil i denne saka presentere rammene med tanke på driftskostnader og investeringskostnader for etablering av døgnskulerleg produksjonsskuledrift på Hjeltnes, samt naudsynte investeringskostnader for auka fagskultilbod på Hjeltnes.

**Økonomi:** Etablering av eit døgnskulerleg produksjonsskuletilbod på Hjeltnes i samsvar med gjeldande prosjektskisse vil innebere ein årleg driftskostnad for fylkeskommunen på om lag 14,8 mill. kr (13,8 mill. kr opplæring, 1 mill. kr eigedom). Fylkesrådmannen legg til grunn at permanent drift føreset eit årleg statleg tilskot på 9 mill. kr. Netto årleg driftskostnad vert om lag 5,8 mill. kr. Det vil vere naudsynt å gjennomføre investeringar på om lag 18 mill. kr seinast i løpet av 2019. Dersom planlagt sal av eigedomar vert gjennomført, vil dette kunne gi ei salsinntekt på om lag 4,75 mill. kr.

**Klima:** Ingen kjende effektar.

**Folkehelse:** Tiltaket vil potensielt bidra til auka fullføring av vidaregåande opplæring, noko som er viktig i eit folkehelseperspektiv.

**Regional planstrategi:** Ingen kjende effektar.

### Forslag til innstilling

1. Det vert etablert døgnskulerleg produksjonsskuledrift på Hjeltnes i samsvar med prosjektskisse og med oppstart frå hausten 2018. Permanent produksjonsskuledrift føreset eit årleg statleg tilskot på 9 mill. kr. Drift av produksjonsskule på Hjeltnes vert organisert som gjort greie for i saksframlegget. Opplæringsavdelinga og eigedomsavdelinga sitt budsjett må samla styrkast med om lag 5,8 mill. kr frå 2019.
2. Fylkestinget gir ei ekstraordinær budsjettløyving til oppstart i 2018 på til saman 2,8 mill. kr.
3. Fylkestinget løyver 18,2 mill. kr til investeringar på Hjeltnes i 2019. Inntekter frå sal av eigedom på Hjeltnes skal nyttast til nye investeringar på Hjeltnes.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Prosjektskisse Hjeltnes produksjonsskule
- 2 Tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet

## Fylkesrådmannen, 17.01.2018

I fylkestinget 08.03.2017 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Hordaland fylkeskommune står opp om arbeidet med å etablere produksjonsskule på Hjeltnes. I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande projektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. I det vidare arbeidet skal prosjektgruppa supplerast med ein representant frå Hjeltnes/Ulvik. Statleg finansiering bør vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utllysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskulen skal gjerast så snart finansiering av tilbodet er på plass. Tidligaste start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.*
2. *I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.*
3. *I perioden fram til 08.2018 skal ein oppretthalde mellombels drift på Hjeltnes. Det inkluderer fagskuletilbod for arborist, Vg2 Landbruk og gartnarnæring (vaksenopplæring). Kantine- og internatdrifta skal oppretthaldast dei dagane det er elevvar/studentar på skulen. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomene mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.*
4. *Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.*
5. *Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.*
6. *Dersom Stortinget i revidert nasjonalbudsjett alt våren 2017 vil gå inn for å medverke til oppstart av produksjonsskule på Hjeltnes, kan denne framdriftsplanen kunne verte forsert. Hordaland fylkesting vil difor sterkt oppmode regjeringa og Stortinget om å ivareta dette behovet*

Kunnskapsdepartementet (KD) inviterte fylkeskommunane i brev datert 20.06.2017 til å søkje midlar til tiltak retta mot ungdom som fell utanfor opplæring og arbeid, med søknadsfrist 01.10.2017.

Fylkesrådmannen har svart på invitasjonen frå KD med å søkje om eit årleg tilskot på 9 mill. kr i 4 år til å etablere eit heildøgnsstilbod på Hjeltnes i Hardanger med bakgrunn i projektskisse (vedlegg1) som vart utarbeidd våren 2017. I desember 2017 vart fylkeskommunen tildelt kr 4,6 mill. (sjå vedlegg 2) gjennom revidert statsbudsjett, samstundes som KD oppmoda fylkeskommunen om å sende inn ny søknad for 2018. Fylkesrådmannen legg til grunn at tildeling frå og med 2018 vil vere heile summen det er søkt om.

Skuleåret 2017/2018 er det ei mellombels drift på Hjeltnes. Det har vore undervisningsaktivitet knytt til vaksenopplæring og fagskule, arborist. Det er gjort ei opprydding med tanke på dei avtalane som har vore knytt til staden, og det er gjort ei vurdering med tanke på dei areala som ikkje er tenkt inn i ein produksjonsskuleaktivitet. Fagskulen i Hordaland har òg gjort ei vurdering med tanke på å auke sin aktivitet med Hjeltnes som undervisningsstad for nokre av deltidstilboda sine, under føresetnad av at det vert vidare fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes. NOKUT godkjende Hjeltnes som undervisningsstad for eit nytt fagskuletilbod innan «lokal matkultur» våren 2017. Vidare kan det vere aktuelt å samle deltidstilbodet innan bygg- og anlegg på Hjeltnes, samt opprette eit nytt tilbod innan lokal byggeskikk.

Når det gjeld eigedomen, er bustadhusa «Austtun» og «Vesttun» no lagt ut for sal. For områda i Holmen nord for fylkesvegen er det i dialog med Ulvik herad utarbeidd ein intensjonsavtale om å skilje areala ut og overføre dei til Ulvik herad mot ein økonomisk kompensasjon, samt gitte vilkår for eventuelt vidare sal av eigedomen. Med grunnlag i eigedomstakst og intensjonsavtale kan HFK rekne med ein total kompensasjon for desse eigedomane på om lag 4,75 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil i denne saka presentere rammene med tanke på driftskostnader og investeringskostnader for etablering av døgntilbud og produksjonsskuledrift på Hjeltnes, og dessutan naudsynte investeringskostnader for auka fagskuletilbod på Hjeltnes.

### Statleg driftstilskot

Kunnskapsdepartementet (KD) inviterte fylkeskommunane i brev datert 20.06.2017 til å søkje midlar til tiltak retta mot ungdom som fell utanfor opplæring og arbeid, med søknadsfrist 01.10.2017.

Fylkesrådmannen har svart på invitasjonen frå KD med å søkje om eit årleg tilskot på 9 mill. kr i 4 år til å etablere eit heildøgntilbod på Hjeltnes.

Gjennom revidert statsbudsjett 2017 er HFK tildelt 4,6 mill. kr av ein søkbar pott på 10 mill. kr. Desse midlane vert i praksis overført til 2018. KD oppmoda fylkeskommunen om å sende inn ny søknad for 2018. Vidare ligg det i budsjettavtalen midlar på om lag 70 mill. kr dei neste 4 åra, 17,5 mill. kr per år. Desse midlane må det søkjast om for kvart år. Fylkesrådmannen legg til grunn at HFK vil få stønad frå desse midlane, men utifrå dei opplysningane som ligg føre, er det uklart kor stor årleg tildeling ein kan vente seg. Fylkesrådmannen legg til grunn at tildeling frå og med 2018 vil vere heile summen det er søkt om.

Fylkesrådmannen legg difor inn som føresetnad eit årleg statleg tilskot på 9 mill. kr. for permanent drift ved produksjonsskolen på Hjeltnes.

### Organisering

Fylkesrådmannen ser på etableringa på Hjeltnes som ei utviding av produksjonsskuletilbodet i Hordaland. Hyssingen og Hjeltnes vil då verte to avdelingar i same eining. Ei slik organisering vil sikre ei heilskapleg handtering av produksjonsskule som OT-tiltak og gi ei heilskapleg styring og leiing av produksjonsskuletilbodet i Hordaland. Dette inneber også felles inntak til avdelingane, slik at ein får eit best mogleg grunnlag for å kunne gi riktig tilbod til den einskilde ungdom.

Vidare vil dette sikre fleksibilitet i støttefunksjonar og fagmiljø, samt gi eit betre grunnlag for systematisk fagleg arbeid og erfaringsutveksling.

### Driftskostnader

Tabellen under viser utrekning av årleg driftskostnad\* med 4 produksjonsverkstader, administrasjon og stab, og døgntilbod med internat, kantinetilbod og fritidsaktivitetar. I utrekninga er det lagt til grunn eit tilbod til 10-12 ungdommar i kvar verkstad.

Drift	Adm/stab	4 verkstader	Døgntilbod	Sum
Kostnader	kr 4 120 000	kr 6 500 000	kr 4 530 000	kr 15 150 000
Inntekter	kr -	kr -1 250 000	kr -100 000	kr -1 350 000
<b>Netto drift</b>	<b>kr 4 120 000</b>	<b>kr 5 250 000</b>	<b>kr 4 430 000</b>	<b>kr 13 800 000</b>

\*I berekninga over er reinhald inkludert

Det er rekna med salsinntekter frå produksjonen som er planlagt i dei fire verkstadene. I tillegg er det rekna med salsinntekter av kantinedrifta på sal av mat til tilsette og elevar som tek del i andre undervisningstilbod på Hjeltnes, til dømes fagskule og vaksenopplæring. Det er ikkje rekna med elevbetaling på døgntilbodet. Dersom elevane ved produksjonsskolen får rett til bortevarstipend, kan ein leggje til grunn ei elevbetaling på om lag 2 mill. kr årleg.

Utover dette må ein rekne med om lag 1 mill. kr i kostnader til driftsleiar og byggvedlikehald.

Føresetnaden om eit statleg tilskot på 9 mill. kr årleg frå 2019, inneber ei naudsynt styrking av opplæringsavdelinga si budsjetttramme på 4,8 mill. kr per år og om lag 1 mill. kr til eigedomsavdelinga si budsjetttramme. For 2018 vil det vere naudsynt med eit ekstraordinært budsjetttilskot til opplæringssektoren på om lag 2,3 mill. kr og om lag 0,5 mill. kr til eigedomsavdelinga.

### Investeringskostnader

Det er i dag aktivitet i lokala som er tenkt brukt til produksjonsskule, og det er fullt forsvarleg å starte aktivitet hausten 2018. Når det gjeld gartneri/anleggsområde, er det naudsynt med investeringar i bygningane for å ha full aktivitet på dei verkstadene som er planlagt der. Utover generelt vedlikehald er det fleire bygningar som i større eller mindre grad har trong for investeringar for å få ønskt standard. For å kunne auke fagskuleaktiviteten vil det vere heilt naudsynt med ei mindre ombygging slik at ein får fleire store klasserom. I tillegg må ein på kort sikt ha eit enklare undervisningskjøkken. På lengre sikt vil det vere naturleg å vurdere å rehabilitere eit meir omfattande areal som kjøkken og undervisningsrom til lokal matkultur.

For å gi eit bilete av trongen for kor naudsynt investeringa er for aktiviteten som er planlagt, er det brukt ein prioriteringsskala: Pri 1 : Svært naudsynt, Pri 2 : Naudsynt, Pri 3 : Mindre naudsynt. Investeringane under Pri 1 bør vere gjennomført seinast i løpet av 2019.

Tabellen under viser ei oversikt på investeringstrongen på dei to hovudområda av eigedomen, og dessutan dei investeringane som er naudsynt for å auke fagskuleaktiviteten.

Hjeltnes	Investeringstrong			
	Pri 1	Pri 2	Pri 3	Total sum
Verkstad/anlegg	kr 13 060 000	kr 500 000	kr 2 200 000	
Gardstun	kr 3 700 000	kr 2 800 000	kr 3 680 000	
Fagskule	kr 1 500 000		kr 16 275 000	
Potensielt sal	kr -4 750 000			
Sum	kr 13 510 000	kr 3 300 000	kr 22 155 000	kr 38 965 000

HFK kan rekne med ei salsinntekt for eigedomar på Hjeltnes på om lag 4,75 mill. kr.

For 2019 vil dette innebere ein auke i investeringsmidlar utover det som ligg i økonomiplanen, på om lag 18,2 mill. kr eller om lag 13,5 mill. kr dersom sal vert gjennomført.

### Oppsummering

Etablering av eit døgntilbud for produksjonsskuletilbod på Hjeltnes i samsvar med gjeldande prosjektskisse vil innebere ein årleg driftskostnad for fylkeskommunen på om lag 14,8 mill. kr (13,8 mill. kr opplæring, 1 mill. kr eigedom). Fylkesrådmannen føreset som grunnlag for permanent drift eit årleg statleg driftstilskot på 9 mill. kr, slik at netto driftskostnad vert om lag 5,8 mill. kr frå 2019. Det vil vere naudsynt å gjennomføre investeringar på om lag 18,2 mill. kr seinast i løpet av 2019.